



Retningslinjer for tildeling av tilskot til kulturelle aktivitetar frå næringsfondet

1. Føremål

Midlane skal bidra til å skape engasjement, bulyst og auke attraktiviteten ved å bu og opphalde seg i Bremanger. Jf. vedteken strategisk næringsplan for Bremanger kommune.

1.1 Ordninga omfattar

Tilskot til prosjekt som ikkje inngår i søkjarorganisasjonen sin ordinære drift.

1.2 Økonomiske rårer

Formannskapet vedtek kvart einskild år økonomisk rårer som kan belastast næringsfondet.

1.3 Prosjekt som vil kunne få støtte:

- Større konsertproduksjonar
- Musikk og litteratur-innspeling
- Bestillingsverk
- Jubileumskonsertar
- Samarbeidsprosjektar med andre aktørar (både profesjonell og amatør)
- Konkurransedeltaking
- Seminar
- Turneringar

Prosjekt som ikkje vil kvalifisere til støtte:

Arrangement av primært sosial karakter, så som for eksempel blå turar eller jubileumsfester

2. Målgrupper

Frivillige lag og organisasjonar, samt einskildpersonar med prosjekt som gjev effekt for fleire enn søkjar. Søkjar skal ha sitt virke, eller hovuddelen av sitt virke i Bremanger.

3. Søknadsfristar, kriterier og prioriteringar

Søknader skal sendes inn via kommunens elektroniske søknadsportal. Søknaden må sendes inn før prosjektet er påbyrja, og før fristane: **1. mars eller 1. september.** Søknadar som kjem inn etter fristen, vil ikkje bli behandla før neste runde.

a. Prioriterte område

Bremanger kommune vil prioritere følgjande ved vurdering av søknadar:

- Omfang, kven og kor mange får nytte av tiltaket.
- Kven er tiltaket retta mot. Bremanger kommune har eit spesielt ansvar for å tilretteleggje for barn og ungdom, samt eldre på institusjon

b. Innhald

Alle søknader skal innehalde ei prosjektskildring og budsjett, som viser alle forventa kostnader og inntekter for prosjektet.

Hjelp til utforming av korrekt søknad kan gjevast av kultureininga.

Prosjektet skal være gjennomført innan same kalenderår, eller påfølgjande år som søknaden vart sendt.

Om tiltaket vert utsett skal dette meldes skriftleg til Bremanger kommune. Dersom prosjektet vert endra vesentlig underveis, skal det søkas om omdisponering av tilskot.

Frå mottakar av støtte kan driftseining kultur be om å få tilsendt vedtekter, medlemsliste og revidert rekneskap.

4. Sakshandsaming

Forvaltningsloven sine regler for sakshandsaming ligg til grunn. Søknader er offentlege. Alle søknader vil handsama i forhold til gjeldande retningslinjer for Bremanger kommune. Søknadene blir behandla administrativt.

Søknader blir behandla etter søknadsfrist. Søkjarar kan forvente svar innan 4 veker. Svar på søknaden sendes til e-post adressa som er oppgitt i søknaden.

5. Klage

Klageorgan for saker handsama etter desse retningslinjene er Formannskapet.